

Referat

FAU-MØTE 3, skuleåret 2025-26

Torsdag 06.November, kl 19.30 – 21.00



Sak 17	Godkjenning av innkalling Oppmøte: 1A, 1B, 1C, 2A, 2B, 2C, 2D, 3A, 3B, 4A, 4B, 4C, 5A, 5B, 5C, 6A, 6C, 7A og 7C. Manglar: 6B og 7B Ingen kommentarer på sist referat. Møtet er vedtaksdyktig.
Sak 18	Informasjon frå rektor Spørjeundersøking blant lærarane Skulen har gjennomført ei spørjeundersøking blant lærarane for å kartleggje kva område elevane treng meir rettleiing i, kva utfordringar som går igjen, og korleis skulen kan finne felles løysingar som sikrar at alle elevar får like moglegheiter og oppfølging. Resultat frå nasjonale prøver viser variasjon mellom klassene, særleg i lesing. Det vil derfor bli auka fokus på lesing framover. Erfaring viser at små, avgrensa tiltak i grupper ikkje gir nokeffekt. Skulen ser derfor behov for å justere tiltak på trinn- eller klassenivå, heller enn å tilby intensive enkelttiltak. Målet er å skape eit heilskapleg læringsmiljø der alle elevar får same faglege støtte og utviklingsmoglegheiter. Bibliotek og leselyst Med ny bibliotekar på plass er biblioteket ope igjen. Målet er å få starte opp utlån og styrkje leselysta blant elevane gjennom ulike lesetiltak og aktivitetar. «Kvar dag gjeld» – førebygging og oppfølging av elevar Skulevergring er eit aukande nasjonalt problem som også treff Valderøy barneskule, og dette ønskjer vi å ta på største alvor. Skulen arbeider aktivt for å førebyggje at fleire fell utanfor. VBS og kommunen samarbeider tett gjennom satsinga «Kvar dag gjeld», der målet er å sikre at alle elevar får eit stabilt og trygt skuletilbod. Elevar med bekymringsfullt fråvær blir følgde opp. Ved fråvær over 10% (tilsvarande om lag 19 skuledagar) blir det sendt varsel, og nærværskontakten tek kontakt med føresette. Skulen set i verk samtalar og tiltak så tidleg som mogleg for å hindre vidare fråvær eller utvikling av skulevegring.

	Leksehjelp Leksehjelpa skulle starte opp etter haustferien, men på grunn av mangel på personale er oppstarten utsett. Skulen vurderer no alternative løysingar, som bruk av frivillige eller samarbeid med andre instansar. Meir informasjon kjem. Basen Basen har fått mange positive tilbakemeldingar, og elevane viser god utvikling. Samstundes er situasjonen sårbar ved fråvær på ansatte, sidan elevane har behov for stabilitet og faste rutinar. Skulen vurderer derfor å tilsetje ein fast vikar som kan støtte på tvers av område, til dømes også i SFO ved behov. Uteområdet Rektor vil kalle inn kommunen og ansvarlege for tilsyn for å finne løysingar knytte til skulen sitt uteområde. Enkelte delar av området kan måtte stengjast midlertidig på grunn av manglar og skadar på leikeapparat. FAU har lenge ønska å arrangere dugnad, men på grunn av tilstanden og behovet for teknisk vedlikehald blir dette fortiden vurdert som arbeid utanfor FAU sitt ansvarsområde. Skulen avventar derfor ein rapport om tilstanden før vidare tiltak blir sette i verk. Det er òg kome forslag om å involvere elevane i enkle dugnadsoppgåver for å styrkje ansvarskjensle og eigarskap til skulen sitt uteområde. Elevmiljø VBS har eit mangfald av flotte elevar og føresette som bidreg positivt til skulemiljøet og samarbeidet mellom skule, heim og kommune. Likevel opplever skulen at enkelte elevar fell utanfor. Sjølv om dette gjeld ei mindre gruppe, påverkar det nærmiljøet og kan føre til utanforskap og stigmatisering. Rektor oppmodar derfor alle føresette til å inkludere og anerkjenne barn som står i fare for å falle utanfor. Dette arbeidet startar tidleg – ofte allereie på 2.–3. trinn kan ein sjå at ein elev fell utanfor. Eit sterkt klassemiljø og eit aktivt foreldrenettverk er avgjerande. Føresette blir oppmoda til å bidra til inkludering, til dømes ved å ta kontakt med foreldre som sjeldan deltek på møte, eller ved å gi små oppgåver som kan senke terskelen for deltaking – som å ta med kaffi eller hjelpe til med enkle oppgåver. Elevundersøkinga Elevundersøkinga er no i gang. Resultata vil bli gjennomgått på neste møte. SFO Ny SFO-leiar starter 16. januar 2026.
Sak 19	Haustrfest Haustrfesten vart ein stor suksess med om lag 220 deltakarar. Det var god stemning, mange frivillige og svært positive tilbakemeldingar frå både elevar og føresette.

	Fleire klassar har også fått ros for å ta initiativ til felles sosiale samlingspunkt, som til dømes opne garasjefestar og andre inkluderande arrangement. Det har kome fleire spørsmål om kvifor årets haustfest vart flytta til torsdag 30. oktober i staden for fredag 31. Dette var ei avgjerd teke av komiteen. Tradisjonelt har haustfesten hatt fokus på inkludering og på å tilby eit felles arrangement på sjøve halloween, men det har vist seg vanskeleg å få frivillige til å stille til dugnad på fredagar. Dette kan også bli utfordrande i 2026, då halloween fell på ei helg. FAU har difor valt å ta opp saka på neste møte, etter at det er henta inn meir informasjon og tilbakemeldingar frå klassane. Saka blir oppdatert vidare.
Sak 20	Elevkveld Datoen for elevkvelden er sett til 13. november. Arbeidsgruppa vil sende ut ein tekst via Spond som skal delast med klassane. .
Sak 21	Trafikkvakter Alle FAU-representantar vert oppmoda til å legge ut påminningar om trafikkvakter og oppmoda frivillige til å melda seg. FAU har fått spørsmål om representantar kan gjennomføra trekking dersom ingen melder seg frivillig. Dette er opp til den enkelte representant. Det er store forskjellar mellom klassane når det gjeld engasjement og tal på frivillige. Dersom ein må trekkja nokon, bør det først prøvast å byta internt i klassen eller på tvers av trinn. Det er særst viktig at informasjon om trafikkvakter kjem tidleg. Nemn det på alle foreldremøte, send påminningar, og start arbeidet alt frå første klasse. Det har òg kome forslag om meir fokus på trafikktryggleik gjennom året. Kan lærarane involverast i opplæringa om trafikktryggleik? FAU vil ta saka vidare med VBS. Alle foreldre som har moglegheit, vert oppmoda til å bidra til betre trafikktryggleik – eks.ved å organisera sykkelbuss frå Skjong om morgonen.
Sak 22	Eventuelt 17. mai Det har kome spørsmål om manglande engasjement kring 17. mai-feiringa. Det er utfordrande med trekking då ikkje alle møter opp sjølv om dei er trekte til komiteen. Heile trinnet har eit felles ansvar for arrangementet. Oppmod frivillige til å melda seg, eller hent inn fleire ved behov – gjerne gjennom «headhunting». Bruk positive erfaringar, oppmuntring og gode døme for å skapa engasjement Felles innsats styrkjer fellesskapen og tryggleiken rundt skulen.

Foreldrenettverk

Alle klassar vert oppmoda til å etablera eit foreldrenettverk.
Sjå kvarandre, bry dykk og ha ein open dialog.

Foreldre og elevar bør samarbeida for å styrkja fellesskapen.
Ha møte med heile klassen og føresette, eventuelt berre føresette.
Bruk haust- og vårgupper aktivt. Del på ansvaret og jobb saman.
Start arbeidet med foreldrenettverk frå første klasse.

FAU ønskjer meir fokus på å styrkja samarbeidet mellom **skule, heim og kommune**.

Foreldrestyrt foreldremøte

Planlagt gjennomført i **februar 2026**.

Neste møte

Møte nummer 4, planlagt 04.desember, vert utsett til **januar 2026**.

Dysleksivennleg skule

Saka vert teken opp i SU.
Meir informasjon kjem.

SFO – opningstider

Det har kome tilbakemeldingar om at SFO opnar for seint, og det vert stilt spørsmål ved kvifor dei ikkje opnar tidlegare.
Opningstid kl. **07.30** vert opplevd som for seint for mange.
FAU vil drøfta saka med VBS, og meir informasjon kjem.
SU vil òg sjå på saka.

Bussruter frå Skjong

FAU har enno ikkje fått svar frå busselskapet trass fleire purringar.
Er det mogleg å endra rutetidene slik at alle elevar kjem tidsnok til skulen?
FAU vil følgja opp saka vidare, og meir informasjon kjem.

Referent Silje Mari Listein